

Informasjon til kundar, leverandørar og samarbeidspartnarar



bømlo
folkehøgskule

BØMLO FOLKEHØGSKULE ER SERTIFISERT SOM MILJØFYRTÅRN

I november 2015 vart Bømlo Folkehøgskule sertifisert som Miljøfyrtårn.

Vi starta arbeidet med å bli sertifisert våren 2014, etter påtrykk frå elevar og tilsette. Skulen engasjerte Jonas Meyer Eldøy for å hjelpe oss i prosessen.

Ei eiga Miljøgruppe vart etablert, der både elevar og tilsette var med. Vi laga miljøanalyse ut frå slik situasjonen var, og dei krava som er til vår bransje.

Miljøfyrtårn er det mest brukte sertifikatet for verksemder i Noreg som vil dokumentere miljøinnsats og vise samfunnsansvar. Over 5.400 verksemder er sertifisert som Miljøfyrtårn og kriteria er tilpassa over 70 ulike bransjar.

Etter at Bømlo Folkehøgskule vart sertifisert har vi heile tida hatt fokus på klima og miljøarbeid, og vi informerer elevar og tilsette om kva det inneber at skulen er sertifisert som Miljøfyrtårn.

Skulen har også eiga Miljøgruppe som har møte to gonger i semesteret, der både elevar og tilsette er medlem.

Vi set krav til leverandørane våre at dei leverer varer og tenester som er i tråd med skulen sin miljøprofil.

Det er også viktig at kundane våre har fokus på gode haldningar når det gjeld miljø og klima, og på denne måten tilpassar seg miljøprofilen til skulen.

Finnås, juni 2018

Magne Grøneng Flokenes/s/
Rektor

*VI LOKKER FRAM
DET BESTE I DEG!*

ADRESSE
Olavsplasset 11
5437 Finnås

TELEFON
53 42 56 50

FAKS
53 42 56 51

E-POST
post@bomlo.fhs.no

WEB
Bomlo.fhs.no

BANKGIRO
3495.05.01768

ORG.NR
966 261 218